

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **22. mai 2017** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.10
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H) og Ragni S. Fett (V)
MØTANDE VARAMEDLEM:	2. vara Nina Vierdal Vee (Sp)
FORFALL	Sigve Sæle (Sp) – innvilga fritak til 31.12.17, Åse Langhelle (Frp) – har søkt fritak, 1. vara Pål S. Rullestad (Ap) – møter fast for Sæle og 3. vara Lars Ebne (Krf) (kort varsel)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Else Holst-Larsen - Deloitte AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Siri Klokkestuen (Ap), rådmann Pål Nygård og økonomisjef Vegard Bang i sakene 7 og 8
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 05/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.02.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Leiar gjekk igjennom protokollen.

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 13.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 06/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 22.05.17

11. Statusrapport pr. mai 2017
12. E-post frå Etne Frp vedk. brot på kommunelova § 23-2, motteke 27.02.17
13. Førebels svar til Etne Frp – brev dagsett 01.03.17
14. Kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
15. Representantskapsmøte – 07.04.17 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
16. Representantskapsmøte – 24.04.17 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte – 25.04.17 – Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS
18. Representantskapsmøte – 28.04.17– Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte – 24.05.17 - HIM IKS
20. Representantskapsmøte – 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS
21. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern
22. «Bernt svarer» - Kommunal rapport 24.04.17

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Pkt. 12 – e-post frå Etne Frp vedk. brot på kommunelova § 23-2

Utvalet drøfta e-posten, som var sendt til utvalsleiar 22.02.17. Medlemmene meinte innhaldet var alvorleg, og at det blei satt fram påstandar om fleire forhold og område, ikkje berre i forhold til kommunelova § 23-2.

Medlemmene var usikre på om det var ei sak som låg innafor deira mandat. Utvalet skal som kjent ikkje vere ein arena for overprøving av politiske saker eller eit klageorgan for enkeltvedtak.

Utvalet meinte at fleire av påstandane ikkje var deira mandat. Utvalet vil be Etne Frp kome med eit nytt og meir konkret skriv der moglege brot på kommunelova § 23-2 blir dokumentert, dersom utvalet skal sjå nærare på saka.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til dei andre referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Referatsakene 11 - 22 vert tatt til orientering.

Dersom utvalet skal sjå nærare på om det ligg føre brot på kommunelova § 23-2 knytt til administrasjonssjefens oppgåver, må Etne Frp kome tilbake med meir dokumentasjon.

SAK 07/17 ETNE KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2016 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Rådmannen og økonomisjefen orienterte kort om rekneskapen, utan presentasjon. Rekneskapsåret 2016 blei omtala som eit dårleg år resultatmessig. Det var under tilrådd nivå på 1,75 %. God skatteinngang og tilskot til flyktningar hadde betra resultatet på slutten av året. Drifta var stram og det må brukast mindre på drift i åra framover.

Medlemmene fikk svar på spørsmål om mellom anna sjølvkost og gebyr, mogleg auke av inntekter, pensjon og budsjettoppfølging.

Revisor orienterte om deira arbeid. Det var avlevert rein revisjonsmelding. I revisjonsrapporten var det ikkje tatt opp alvorlege forhold.

Utvalet slutta seg til framlegget til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,9 mill. kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 1 mill. kroner. Det utgjer 0,3 %, som er noko under anbefalt nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Etne kommune sin årsrekneskap for 2016.

SAK 08/17 TILBAKEMELDING PÅ INTERIMSREVISJON

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding på revisjonsrapport nr. 1 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Leiar gjorde greie for tilbakemeldinga frå rådmannen. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Etne kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding på revisjonsrapport nr. 1 til orientering.

SAK 09/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2017

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 22.05.17:

Regnskapsrevisor Holst-Larsen gjorde greie for erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 22.05.17:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS, til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 25.09.17, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 22. mai 2017

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær